



# Nissedal kommune

## Eining oppvekst og kultur

### Internt notat

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2020/1049-8	Marius Vøllestad,	033	15.11.2020

**Til:**

**Frå:** Marius Vøllestad

### Referat frå møte i SMU 11.11.2020

Tilstade: Andre, Eva, Isabell, Julianne, Paul Willy, Katrin, Anne, Marius, Kate, Gunnhild (Ref.)

#### Sak 1. Status skulemiljø/ Spekter

Alle må bidra med å melde viss noko ikkje er greitt. Rektor lovar å sjå kvar sak for seg og ta alle på alvor. Tryggleik på skulen er ein føresetnad for å lære.

Dei fleste elevane er nøgde, men det er også noko å jobbe med. Spekter (5.-7.klasse har levert) syner også dette. Alle klassene har ikkje gjennomført ennå.

Skulen vil gjennomføre ei lokal undersøking, anonymt, for alle klassesteg, i starten og slutten av eit skuleår.

Viktig å definere kva det er å trivast på skulen.

#### Sak 2. Budsjett

8. og 10.klasse har fått nye touch-skjermar. Ein vil prøve å skaffe like god skjerm til 9 klasse også. (55000 pr skjerm)

Skulen har litt pengar igjen på årets budsjett. Alle 10.klassingar skal få eigen pc etter nyttår. Målet er at alle elevane skal vere godt førebudde før det startar på VGS.

Uteområdet «oppe» er ikkje tiltalende. Lite rom for aktivitetar. Rektor ønskjer å gjere noko med dette, kanskje lage til eit triveleg rom dei kan vere i når det er matpause. Elevane kan utsmykke.

Rektor ønskjer å vite kva ein har trong for av nye ballar.

#### Sak 3. Covid-19 situasjonen

Halde fram med god hygiene. Ha klare planar viss me må stramme inn- frå dag 1.

For 9. og 10. klasse: Invitasjonen til å besøke Nome VGS, Søve og Lunde er godkjent av kommunelegen og FAU. Rektor vil presentere andre aktuelle skular med informasjon på skulen her.

Joleball: Foreldre kan ikkje vere tilstade. Uklart om elevane ønskjer å ha det før jol, eller om dei vil utsetje til sommaren. Elevane må svare rektor i løpet av veke 47.

### **Saker frå FAU**

Representantane er nye og var ikkje klar over at dei kunne melde saker til SMU og SU.

Saker til SMU/SU bør vere eit fast punkt på sakslista til FAU.

### **Eventuelt**

Kantinekortet. Mogeleg å skylde meir enn 20 kr? Rektor tek saka vidare og undersøker.